



Knut Birger Larsen
Nordgardshaugen 17b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2294 - 14/9457

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
19.06.2014

Godkjenning - fasadeendring - gnr. 23, bnr. 412, snr 16.

Administrativt vedtak. Saknr: 157/2014

Eigedom: 23/412/16
Byggjeplass: Nordgardshaugen 17 B
Tiltakshavar: Knut Birger Larsen
Planstatus: Regulert område – bustad

Søknad om: Fasadeendring

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad, motteke 13.05.2014, om fasadeendring på bustad, gnr. 23, bnr. 412, snr. 16.

Teikningane viser eit takoverbygg ved inngangspartiet på vestsida, samt eit lite takoverbygg i krok på terrasse, mot søraust. Vindauger mot sør, aust og nord skal byttast ut med større vindauger utan sprosser. Altandør skal skiftast ut med skyvedør, samt at det skal monterast levegg på eksisterande altan.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Nordgarden Frekhaug regulert til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 13.05.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3. I tillegg ligg det føre godkjenning av omsøkt tiltak frå Nordgardshaugen Sameie.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 13.05.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Den omsøkte fasadeendring vil ikkje ha noko innverknad på utnyttingsgraden.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til fasadeendring på gnr. 23, bnr. 412 snr. 16 i samsvar med søknad motteke 13.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 13.05.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Knut Birger Larsen

Nordgardshaugen 5918
17b

FREKHAUG